Tore Dybvad
Nordengkollen 5
1396 Billingstad

Billingstad, 21.6.23

Til Modalen kommune

I 1973 gav Noregs Boklag ut Olav Nygard: „Dikt i samling". Enkja – Rakel Nygard – var svært glad for det. Og så fekk ho pengar – attpå til! Som ho så vakkert sa det: „Det var som ei helsing frå Olav frå attom grava."

Far min – Øyvind Dybvad – leia det vesle forlaget, og han og Rakel var gode venner. Difor gav ho han den boka som Olav brukte mest – Aasens „Norsk Ordbog".

Denne skeiva hadde Olav laga til Rakel; eg trur mor fekk henne som „vertinnegåve".

Eg trur både Rakel Nygard og foreldra mine ville vore glade om desse tinga no hamna i Modalen – kanskje på muséet?

Venleg helsing

Tore Dybvad